

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------------|-------------|------------|
| Yrkesopplæringsnemnda | | 19.05.2021 |

Mandat for yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval

Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

- Arbeidsutvalet skal fremje fag- og yrkesopplæringa utan at yrkesopplæringsnemnda si rolle vert svekka. Arbeidsutvalet kan opptre på nemnda sine vegner i saker som ikkje er prinsipielle og i aktuelle saker fastsett av nemnda.
- Vere i dialog med opplæringskontor/ lærebodrifter og arbeidslivet.
Førebu og gi innstilling til nemnda i større saker.
Arbeide særskilt med dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa.
Gi råd til sekretariatet om kvalitetsutvikling og prioriteringar.
- Yrkesopplæringsnemnda kan til ei kvar tid vurdere kva oppgåver som skal leggast til arbeidsutvalet.

Bjørn Lyngdal
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim
ass. fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Yrkesopplæringsnemnda gjorde slikt vedtak i , sak 2021/5:

1. Yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval.
2. Det etablerast eit arbeidsutval i Yrkesopplæringsnemnda. Nemnda føreset at leiar og nestleiar er i utvalet, og har følgjande medlemer frå LO (Roger Pilskog, leiar), NHO (Ove Kjøllesdal, nestleiar) og KS (Sølv Orlrich Sørbo, medlem).
3. Forslag til mandat vert tatt opp på neste møte i nemnda.

Mandat for Yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval.

Yrkesopplæringsnemnda nemner opp arbeidsutval der arbeidsgivar og arbeidstakarsida er representert. Nemnda føreset at leiar og nestleiar er i utvalet.

Arbeidsutvalet skal ha representasjon frå arbeidstakar og arbeidsgivarsida. Medlemer i arbeidsutvalet skal veljast mellom medlemer i yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda utarbeider mandat for arbeidsutvalet.

Arbeidsutval:

Roger Pilskog, LO

Ove Kjøllesdal, NHO

Sølv Orlrich Sørbo, KS

Oppgåver:

Arbeidsutvalet skal fremje fag- og yrkesopplæringa utan at Yrkesopplæringsnemnda si rolle vert svekka.

Arbeidsutvalet kan opptre på nemnda sine vegner i saker som ikkje er prinsipielle og i aktuelle saker fastsett av nemnda.

- Vere i dialog med opplæringskontor/ lærebedrifter og arbeidslivet.
- Førebu og gi innstilling til nemnda i større saker.
- Arbeide særskilt med dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa.
- Gi råd til sekretariatet om kvalitetsutvikling og prioriteringar.

Yrkesopplæringsnemnda kan til ei kvar tid vurdere kva oppgåver som skal leggast til arbeidsutvalet.

Vedtakskompetanse

Yrkesopplæringsnemnda

Konklusjon

Fylkesdirektøren legg med dette fram tilråding om mandat for arbeidsutvalet.